

# Magnus Lagabøte 2024 - Landslova 750 år

## Rapport frå forprosjekt

6hykiolmkk



## Innhald

- Tidsbilete Magnus Lagabøte: Historia bak jubileet
- Bakgrunn for prosjektet
- Mandat for forprosjeket
- Føremål for jubileet
  - Kunnskapar om historie og kulturforståing
  - Korleis historia kan aktualiserast og gjerast relevant for samtida
- Tiltak i jubileet
  - Utstilling
  - Jubileumsmiddag i Håkonshallen
  - Internasjonal forskarkonferanse
  - Skulesatsing: Undervisning i skulane
  - Barne- og ungdomsting: Demokratiutvikling med barn og unge
  - Mellomalderveke og festival
  - Kulturarrangement i by og bygd
- Jubileet som nav for samarbeid innan mellomalder
  - Nav for samarbeid i Vestland: Meirverdi for arbeidet med bevaring og formidling av mellomalder i Vestland
  - Meirverdi for jubileet Moster 2024
  - Nav for internasjonalt kultursamarbeid
- Organisering og gjennomføring
  - Partnerar og deltakarar lokalt og regionalt
  - Jubileumskomite
  - Faglege og administrative ressursar
- Kostnader og plan for finansiering
- Avsluttande

## Tidsbilete Magnus Lagabøte: Historia bak jubileet

I 2024 er det 750 år sidan Magnus Lagabøte si landslov vart ferdigstilt i Bergen, for så å verte vedteken på dei fire lagtinga i riket. Dette var den tredje riksdekkande lovboka i Europa, av totalt fire i høg- og seinmellomalderen. Spania var først ute under kong Alfonso X av Castilla med *Siete Partidas*, antakeleg ferdigstilt i 1265. Dette lovskapingsarbeidet har Håkon Håkonsson og hans krets nok kjent godt til. Etter Håkon Håkonssons saga skal dottera til kongen, prinsesse Kristina, hatt med seg eit følgje på over 100 mann då ho reiste til Spania og vart gift med broren til Alfonso i 1258. Denne reisa har nok vore til stor inspirasjon for lovskapingsarbeidet i Bergen.

To år etter at Landslova kom i 1274, følgde Magnus Lagabøte opp med ei eiga bylov for byane eller kaupstadene og med ei farmannslov som regulerte sjørett og sjøfart. Bylova er det første skriftlege dokumentet som fortel korleis Bergen, eller Bjørgvin, såg ut i mellomalderen, slik er lova eit framifrå kjeldeskrift som enno gjer det mogleg å finne att bystrukturen frå 1200-tallet i dagens bybilete. Bylova for Bergen av 1276 vart brukt i alle norske byar og kjøpstader, med Bergen som leiande nordisk by og handelsknutepunkt. I 1270-åra kom også Hirdskråa, som regulerte kongens nære administrasjon. Eit utbygd apparat kring kongen var ein føresetnad for tidleg statsdanning - og det er nett rettar og plikter for hirdmennene, jarlar og lendmenn, administrasjonslova Hirdskråa, tek føre seg.

1200-talet var ein periode med vekst i sentralisert lovgjevning internasjonalt, det skjedde i Europa, og det skjedde i islamsk lovgjevning. Magnus Lagabøte bar med rette tilnamnet sitt; den som forbetrar lova. Bergen hadde i hundreåret før svartedauden eit ekspansivt internasjonalt miljø for å utvikle lov og rett, viktige byggesteinar i ein tidleg norsk stat.

Det kongelege myndet i forvaltning og rettshandheving auka under Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. Samfunnsområde etter samfunnsområde vart lagt under offentlig regulering frå kyrkje og kongedømme. Makta vart sentralisert, og konge og stormenn sine posisjonar vart styrka. Men kva skjedde med det breiare bondesamfunnet si samfunnsmyndighet? På Vestlandet vart Gulatinget på denne tida også fysisk sentralisert og flytta frå Gulen til Bergen. Det vart auka sentral konfliktløysing og samfunnsstyring.

I andre halvdel av 1200-tallet var Bergen det viktigaste setet for riket si samla styring. Bergen var den største byen i Skandinavia og det viktigaste knutepunktet for politikk og handel i Nordsjøområdet. Bergen var porten til det store oversjøiske «Noregsveldet», med øysamfunna Island, Grønland, Færøyane, Hjaltland (Shetland), Orknøyane, Suderøyane og Man. Under Håkon Håkonsson (1217-63) og Magnus Håkonsson (1263-80) var Bergen den staden kongen heldt seg over lengst tid med sine menn. Sjølv om kyrkja hadde sitt hovudsete i Nidaros, hadde erkebiskopen eigen gard i Bergen og kalla saman til bispemøte også her, som då Magnus Lagabøte døydd i 1280.

Kunnskapsmiljøet på Holmen og byen Bergen stod i eit nært samspel med regionale og internasjonale miljø. Som hovudport for heile kysten til internasjonale farvatn var Bergen ein smeltedigel både for kultur og import og eksport av varer. Bergen og det lærde miljøet kring kongane og biskopane var eit knutepunkt for lovskaping og lovspreiing. Perioden då landslova vart utvikla, syner ei vending mot sør i internasjonal orientering, frå det nordatlantiske oversjøiske riket i vest mot sør og aust.

2024 er det året då både Kristenretten på Moster og Magnus Lagabøte si landslov vert markert. På Moster vart det gjort vedtak på tinget mellom konge- og kyrkjemakt og bøndene om at sed og skikk skulle rette seg etter kristne normer. Sentrale punkt frå Moster vart i hundreåra etterpå vidareutvikla, og heile denne lovdanningsprosessen i kyrkja og frå kongedømmet er av stor interesse. Vi kan sjå på Moster som ei viktig markering av den gradvise samfunnsomforminga som alt var i gang i 1024 og som skaut fart fram mot det store lovskapingsarbeidet under Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte.

## Bakgrunn for prosjektet

Det har like sidan 2012 vore sterk interesse frå Universitetet i Bergen for å få i stand eit nasjonalt og internasjonalt retta jubileum i 2024 for Magnus Lagabøte si landslov. Det var eit stort oppstartmøte på Det juridiske fakultet i 2012, med tverrfagleg deltaking frå Trondheim, Oslo og Bergen. Av ulike årsaker delte dette arbeidet seg opp i fleire miljø, fagleg og geografisk. Frå årsskiftet 2020 har det vore eit førebuande samarbeid mellom Bymuseet, Universitetsbiblioteket, Vestland fylkeskommune og Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen for å sikre at i det minste eitt av dei to illuminerte handskrifa som finst av Landslova skal kunne synast fram i Bergen i 2024.

I arbeidet for å få handskrift til Bergen og for å profilere Bergen som ein viktig hovudarena for jubileet, vart det 11.11.20 sendt eit brev frå ordføraren i Bergen, fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune og rektor ved Universitetet i Bergen til statsråd Abid Raja, med spørsmål om eit møte for å presentere tankar om jubileet og for å drøfte utfordringa med å få i det minste eitt av dei to eksisterande illuminerte handskrifa av Landslova til Bergen i 2024. Denne siste problemstillinga har no funne si løysing ved at det såkalla Codex Lund 15 (Codex Reenhielmianus) vert innlånt frå Universitetsbiblioteket i Lund og først synt fram i Oslo i samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket og Kulturhistorisk museum frå starten av året 2024, for så å visast fram i den utstillinga som åpnar jubileet i Bergen, den 21. mai, dagen før åpninga av Festspillene i Bergen. Kulturdepartementet har gjeve Nasjonalbiblioteket eit ansvar for å samordne dei ulike arrangementa i landet ved markeringa av Magnus Lagabøtejubileet i 2024.

Vestland fylkeskommune tok i Fylkesutvalmøtet 2.3-3.3.21 initiativ til å invitere til eit forprosjekt for å avklare eit vidare arbeid med eit jubileum som markerer 750 år for Magnus Lagabøte sitt lovskapingsarbeid.

Fylkesutvalet fatta følgande vedtak:

*1. Vestland fylkeskommune ser det som viktig å få på plass eit jubileum for Landslova 750 år i 2024 med fokus på demokratibyging gjennom lov og styringsverk, frå Kristenretten til Landslova.*

*2. Vestland fylkeskommune set i gong forprosjekt for Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år som skissert i saka.*

*3. Fylkesrådmannen oppnemner styringsgruppe for forprosjektet.*

*4. Fylkesutvalet ser det som naturleg at partnerane tek del med eigne administrative ressursar i forprosjektet.*

## Mandat for forprosjektet

Det er i etterkant av fylkesutvalmøtet sett ned ei styringsgruppe for forprosjektet med deltakarar frå Vestland fylkeskommune (Per Morten Ekerhovd, leiar i styringsgruppa, Ronny Skaar og Anna Elisa Tryti), Bergen kommune (Toril Mjelva Saatvedt), Statsforvaltaren (Anne Kristin Eitungjerde), Bymuseet (Marianne L. Nielsen), Universitetet i Bergen (Maria-Carme Torras-Calvo), Høgskulen på Vestlandet (Bente Opheim) og Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen (Aidan Keally Conti).

Forprosjektet fekk i fylkesutvalsaka som mandat å avklare deltaking/partnarskap, organisering og roller, samt finansiering:

«Forprosjektet skal:

- Formulere føremålet med jubileet
- Grunnge jubileet
- Peike på korleis historia kan aktualiserast og gjerast relevant for samtida
- Avklare partnarar og deltakarar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Føreslå organisering av jubileet
- Skissere tiltak i jubileet
- Peike på ansvarsdeling for iverksetting og gjennomføring
- Skissere korleis undervisningsopplegg for skulen kan integrerast i jubileet
- Skissere kostnader og føreslå plan for finansiering
- Legge vekt på samordning med og meirverdi for jubileet Moster 2024
- Legge vekt på meirverdi for arbeidet med bevaring og formidling av mellomalder i Vestland»

Komiteen har hatt tre møte. Inneverande rapport er resultat av arbeidet i forprosjektgruppa, samt det førebuande samarbeidet i 2020-21.

Det er også gjennomført orientering med innspel i Mellomaldernetverket i Vestland fylkeskommune i juni d.å. om Kristenrettjubileet og Magnus Lagabøtejubileet, samt pilegrimsentra med nøkkelstader langs Kystpilgrimsleia. På møtet deltok Stad kommune om Selja kloster og Selje Pilgrimsenter, Bymuseet om Bergen Pilegrimsenter, Moster 2024 og Bømlo kommune om Kristenrettjubileet, Hardanger og Voss Museum om Agatunet, Gulen kommune med Gulatinget, Kystkultur NO (Kystsogevekene), Middelalderklyngen ved Universitetet i Bergen og prof. Jørn Øyrehagen Sunde (Nasjonalbiblioteket og Universitetet i Oslo).

Forprosjektet er gjennomført med administrative ressursar i fylkeskommunen.

## Føremål for jubileet

Fylkesutvalsaka seier dette om Magnus Lagabøtejubileet: «Innhaldsmessig vil jubileet kunne gje rom for fagleg fordjuping og formidling, kulturarrangement i by og bygd, undervisningsopplegg i skulen og aktualisering av vilkåra for demokratiet og rettsstaten i dag.»

- Kunnskapar om historie og kulturforståing

Kunnskap er eit mål i seg sjølv. Eit felles kunnskapsgrunnlag i samfunnet for kritisk tenking og demokratisk deltaking er også avgjerande for evna til å gå inn i store og små samfunnsutfordringar. Kulturforståing kjem ikkje av seg sjølv - forståing byggjer på kunnskapar. Med «fake facts» og «fake news» som del av det offentlege ordskiftet, kan dette ikkje understrekast nok.

Den kjende islandske forfattaren og forskaren Bergsveinn Birgisson skriv om eigne erfaringar med «en *historisk sult* blant unge menneske». Han meiner «det handler om menneskerettigheter - at barn har rett til å lære om sin egen fortid» (Bokmagasinet i Klassekampen 12.06.21).

Religionsskifte, rikssamling og tidleg statsdanning lyt sjåast i samanheng. Jubilea kjem som perler på ei snor fram mot jubileet for Olav den heilage og slaget på Stiklestad i 2030. Jubileet for Sankta Sunniva, vernehelgen for Bergen og Vestlandet, innleidde i 2020 eit tiår med markeringar der både helgenøya Selja, Kinn, Moster, Gulatinget, Agatunet og Bergen med Håkonshallen og Kristkyrkja vert sett på kartet. Det er viktig å sjå stadane og markeringane i samanheng, kvart miljø vert for lite i seg sjølv. Stadane fortel ei samanhengande historie, og dei fleste ligg langs kysten der Kystpilgrimsleia no skal utviklast, med nøkkelstader og pilgrimssentra. Over hav, langsetter kysten og inn fjordarmane segla skipa. Sjø og hav batt saman.

Samla er det viktig å fortelje historia om Vestlandet som den landsdelen der Harald Hårfagre hadde maktbasen som var utgangspunkt for rikssamlinga, der kristningsprosessen skaut fart og der Gulatinget vaks fram som eit av dei største og eldste lagtinga i Norden. Frå Vestlandet vart eit oversjøisk og nordatlantisk rike bygd, og eit stort lovskipingsarbeid frå kristenrett til landslov toppa seg på 1200-talet i Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte si tid.

I jubileumsåret 2024 kan det med god rett markerast i Bergen, på heile Vestlandet og i heile landet. I 2024 er det også 1000-årsjubileum for Kristenretten, som vart vedteken på Mostertinget. Det første grunnlaget vart lagt for den riksdekkande kyrkjeorganisasjonen, som innordna ætte- og bygdesamfunnet i kyrkjesokn og ein internasjonal kyrkjeorganisasjon. I tida fram mot Magnus Lagabøte sitt lovarbeid utvikla både kyrkje og kongedømme seg til dei to sverda for samfunnsstyring. Landslova føreset at dei skulle vere. Vi kan dra ei line i samfunns- og statsbygging frå Moster til Bergen og frå Bergen til lagtinget i Gulen, der landslova vart vedteken. På dette tinget møtte kanskje Sigurd Brynjulfsson, gulatingsmann i alle fall i 1280-åra, riksråd og riddar med sete på Agatunet. Audun Hugleiksson, lendmannen frå Hegrane i Jølster, var kongen si høgre hand både under Magnus Lagabøte og Eirik Magnusson og heilt sentral for lovskipingsarbeidet, kyndig i både romarrett og kyrkjerett etter studier i Paris og Bologna.

Det er ei rekke spørsmål som er aktuelle og mindre påakta i den nasjonale historieforteljinga. Ei særleg spennande historie, er nettopp den om baronen, hirdmannen og fehirden Audun Hugleiksson. Kvifor vart denne lærde og mektige mannen hengt på Nordnes første søndag i advent i 1302? Kvifor fall den fremste kongsrådgjevaren under kongane Magnus Lagabøte og Eirik Magnusson i unåde hos kong Håkon Magnusson?

Kva skjedde med bondesamfunnet sine institusjonar, makt og mynde etter kvart som kongemakt og kyrkjemakt vaks fram? Kva skjedde med dei lokale og regionale tinga? Korleis endra grunnlaget for regionalt leiarskap og deltaking i riksstyringa seg? Vart den monarkiske makta balansert av kongsråd og riksråd, og

let biskopane seg binde av kannikane i domkapitla sine med råd og samtykke? Kva skjedde med dei sterke regionale ættene og deira innflytelse regionalt og i kongen si teneste?

Kva type styringsideal og styringssystem var det som vaks fram, la dei til rette for auka medverknad for fleire grupper eller det motsette? Kva med kvinnene sin råderett og deltaking på ulike arenaer? Og korleis var kvardagen for folk flest?

Under Håkon Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte var Bergen og Vestlandet ein viktig by og region internasjonalt. Jubileet bør ha som ambisjon å gje større kunnskapar om den internasjonale historia. Ferdselsruter og kulturimpulsar med handel, deltaking ved utanlandske hoff og studier ved universiteta, pilgrimsreiser, bokkultur, lærdomskultur og kunsthistorie; døme som kan nemnast som tema ut over det mest sentrale i jubileet: lovgjevinga som toppa seg med Magnus Lagabøte si landslov.

Landslovjubileet gjev eit særleg godt høve til å utforske og formidle den norrøne kulturkrinsen og det nordatlantiske Noregsveldet - men det er viktig med ei fleirkulturell tilnærming: Folk med fortid og historie frå andre land enn Noreg har også rett til å lære om eiga fortid. Det er då viktig at publikasjonar i høve jubileet vert tilgjengeleg på andre språk enn norsk.

Nyfikna om tida før kristning og lovgjevingsverk kan også vekkast, frå eldre skaldediktning og sagalitteratur - då møter vi ei verd som den tidlegare siterte Bergsveinn Birgisson hevdar lærer oss «å se verdien av andre samfunnsformer og moralbegreper enn våre egne» (Bokmagasinet i Klassekampen 12.06.21).

- **Korleis historia kan aktualiserast og gjerast relevant for samtida**

Eit viktig formål med jubileet er å fremje kunnskap om fortida og dei lange linene i historia - med forskning og formidling av mellomalderen som basis. Perspektivet i jubileet kan vere både lokalt, regionalt og internasjonalt - eit godt utgangspunkt for *samfunnsbygging gjennom lov og styringsverk* som eit av hovudtema for jubileet. Og med det også refleksjonar over styringssystemet i vår eiga samtid - demokratiet sine vilkår lokalt og globalt.

Aktualisering av historia gjev eit betre grunnlag for å forstå samtida og sjå vår eiga tid i perspektiv, men det er naudsynt med kritisk refleksjon kring spørsmålet om historiebruken. Bruken av historia i dag, til dømes i jubilea, gjev ikkje fasit for kva hendingar i fortida som var viktige og kva samanheng hendingane har til vår tid. For å ta Kristenrettjubileet og Magnus Lagabøtejubileet som døme. Lina til rettstat og demokrati vert ofte dregen. Men gjev det meining å sjå på institusjonaliseringa og sentraliseringa av retten som ei utvikling av tidlege demokratiske strukturar eller vart grunnlaget like mykje lagt for det seinare dansk-norske eineveldet?

I grunnskulen er ikkje historie eige fag - faget finst meir som ein dimensjon knytta opp mot dei tre tverrfaglege tema i Kunnskapsløftet 2020. «Demokrati og medborgarskap» er gjerne det målet historiefaget vert tettast kopla mot, og dette kan verte styrande for kunnskapen om fortida og kva vi ser etter når vi tolkar kjeldene.

Det er viktig er å ikkje romantisere fortida eller gjere lesinga av fortida for enkel. Ei forenkla historieforståing og for den del feiring av jubileum kan gje grobott for nasjonalistiske og ekstreme haldningar. Historia gjev uansett grunnlag for

dagsaktuelle tema og diskusjonar. Det å aktualisere utviklinga av lov og styringsverk gjennom eit jubileum for Magnus Lagabøte sitt lovskapingsarbeid, er eit godt og spennande utgangspunkt for å sette fokus på vår tids utfordringar for demokratibyggning, medborgarskap og inkludering i eit fleirkulturelt samfunn. Gjennom dette kan vi også alle verte minte om at vi ikkje kan ta eit godt samfunn for gjeve ein gong for alle, det er kontinuerleg arbeid og eit resultat av bevisste val.

Eit spennande perspektiv for aktualisering kan vere rettstryggleik og rettshistorie sett frå samtida inn mot fortida. Kva er samanhengen frå lovgivinga til Magnus Lagabøte og dagens lovgjeving, kva ser vi att i dag, med retrospektiv spegel til fortida i forvaltningssystemet, til dømes innan velferdsrett, strafferett og formuesrett?

Med 950-årsjubileet for Bergen i 2020 i botn er det mykje å bygge vidare på for eit Landslovjubileum og også for markeringar av Bylova i 2026. Lovskapingsarbeidet frå Gulatingslova til Kristenretten på Moster til Landslova er viktig for utbygginga av offentleg styring med tyding også for seinare styringssystem. Ut over kunnskap om dei historiske hendingane er jubileet eit godt høve til å reflektere over det sårbare demokratiet og kva ideologiske ekstremistiske retningar vi må identifisere og kjempe mot dersom verdiar som inkludering og medborgarskap skal styrkast. Demokratiet står under press. Bygging av demokratiet på alle nivå gjennom styringsverk, skule, kultur og inkludering er ei viktig samfunnsoppgåve.

Magnus Lagabøtejubileet kan gje kunnskap og skape felles arenaer; innan historie-, kultur- og demokratiforståing, med utforsking av identitetar og inkludering som aktualisering til vår eiga tid.

Det aller viktigaste historia kan lære oss, er evna til å sjå på samfunnsutviklinga vår med eit kritisk, skjelnande og undrande blick. Kritisk etablering av fakta - med evne til å sjå samheng og perspektiv som er knytta til dei, er det beste vern for at ikkje falske fakta og nyhende (fake facts/fake news) skal gje grunnlaget for kulturforståinga i samfunnet og politiske vegval.

Den årlege HIFO-konferansen (Den norske historiske foreining) skal arrangerast i Bergen i 2022. Det er til drøfting i programkomiteen om historiebruk og aktualisering av historia med jubilea kan vere eigen sesjon.

## **Tiltak i jubileet**

Jubileet vil ha hovedmarkering av Landslova i 2024 som viktigaste kjerne, sjølv om Bylova med Farmannslova, gjerne kunne hatt eit eige jubileum i 2026. Tilrådinga frå forprosjektgruppa er at det er viktig å kommunisere heilskapen i lovgjevingsarbeidet i 2024, og at dette er viktig for formidlinga til ålmenta/publikum. Dette gjev eit stort rom for mangfald, tverrfagleg blick, med bredde i kjeldetilfang og tema. Det kan likevel lagast særskilte markeringar med utstillingar, konferansar og kulturarrangement gjennom fleire år, etter kvart som forskning vert ferdigstilla for formidling og særleg med tanke på Hirdskråa og Bylova. Det arkeologiske materialet er særst høveleg i samband med markering av bylova - og temaet er både globalt og aktuelt, frå oppkomsten av byen, urban kompleksitet og til globale utfordringar i byane i dag.



Det vil vere naturleg med eit jubileum som både er fagleg sterkt med forskning og formidling, men som også har ei rekke kulturarrangement med levande produksjon og formidling og deltaking frå by og region.

Så langt ser ein føre seg at følgjande tiltak kan vera aktuelle:

- **Utstilling** på Bryggens Museum, med Håkonshallen og Rosenkrantzårnet som moglege tilleggsarenaer. Vonleg med åpning av kongehuset den 21.5, i forkant av åpninga av Festspillene i Bergen 2024. Bryggens Museum har tilstrekkeleg sikra fasilitetar til å huse ei slik utstilling. Prosjektgruppe med deltaking frå Bymuseet (leiar arbeidet og har overordna utstillingsansvar), Universitetet ved Mellomalderklynga og Universitetsbiblioteket ved handskriftsamlinga er nedsett våren 2021 og er godt i gang med arbeidet. Kontakt vil ble teken med Universitetsmuseet om mogleg samarbeid. Eit hovudobjekt i utstillinga er sikra med lån av Codex Lund 15, eitt av dei to illuminerte handskrifa som inneheld Landslova og Bylova. Tema med eit spenn frå den lærde kulturen og lovskipinga i mellomalderen til kvardagslivet for kvinner og born er spela inn.
- **Jubileumsmiddag i Håkonshallen** i etterkant av utstillingsopninga, kongehuset vert invitert. Vertskap og ansvar for gjennomføring vert avklara i Jubileumskomiteen. Søknad vert sendt til Ordføraren i Bergen.
- **Internasjonal forskningskonferanse** i september eller oktober 2024 under den årlege mellomalderveka. Det er mogleg veka bør flyttast frå oktober til september, dersom det også skal lagast mellomalderfestival. Fagmiljøa vert invitert til å delta i forskargruppe og programkomite med tema som *Lovkultur og statsutvikling* (inkludert Kristenretten), *Skriftkultur med kunsthistorie og Håkonshallen og Holmen med arkeologi og bygningshistorie*. Det er ulike forskningsprosjekt i gang med aktualitet for jubileet. Programkomite for konferansen vert sett ned tidleg hausten 2021. Mellomalderklynga er fagleg ansvarleg for konferansen. Det er og under vurdering eit eige juridisk komposium.
- **Skulesatsing: Læringsaktivitetar i skulane**. Det kan tenkast å utvikle infrastruktur for læringsaktivitetar i skulane i samarbeid med ABM-institusjonane (arkiv, bibliotek, museum). Det er dialog med Høgskulen på Vestlandet og lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen om eit eige samarbeidsprosjekt om dette i samband med prosjektet «Vestland i historien og skulen». Tema kan vere alt frå identifisering av korleis kongssetet og byen såg ut til eitt av dei tre overordna tema i Kunnskapsløftet 2020 - *demokrati og medborgarskap*. Slike læringsaktivitetar vil verte innretta mot både barnetrinn, ungdomstrinn og vidaregåande skule. Elles er det mange moglege vinklingar i høve formidlinga til born og unge, både gjennom spel, leik og ulike sceniske prosjekt.
- **Barne- og ungdomsting: Demokratiutvikling med barn og unge**. Tingsete for born og unge i kommunestyre og fylkesting. Eige jubileumsting på Gulatinget i 2024, med ungdom frå vesterled?
- **Mellomalderveke og festival**. Mellomalderklynga arrangerer årleg mellomalderveke. Festningsdagane/Bergenhusdagane har vore arrangert i

september. Det vil verte vurdert om dette kan koplast saman i ei tett veke i september, med alt frå forskarkonferanse til teater og spel på gater og torg.

- **Kulturarrangement i by og bygd**

Tema frå mellomalder i kulturarrangement, teater, historiske spel, konsertar og debattar med aktualisering av viktige problemstillingar. Frå 2022 vert jubileet presentert for profesjonelt og frivillig kulturliv regionalt og lokalt.

Nokre idear:

- Fake facts og fake news: Møterekke i Litteraturhuset og på biblioteka: Kva er viktig med historie og kulturforståing? (Samarbeid mellom Litteraturhuset i Bergen, Bergen Offentlige Bibliotek og Fylkesbiblioteket?)
- Samarbeid mellom ulike religiøse samfunn kring den kyrkjelege festkalenderen? Prosesjonar, mellomaldermesse i kyrkjene, klosterliv.
- Økumenisk Sunnivaseglas ([www.Sunnivaseglas.no](http://www.Sunnivaseglas.no)).
- Domkyrkja (fransiskanarane si gamle Olavskyrkje): Temativering av Magnus Lagabøte sitt tilhøve til fransiskanarane.
- Med blick for plantehistorie: Markering av 2024 med klosterplantar i parkar og byrom, barnehagar og skular. Mogleg samarbeid med Stend videregående skule, bybonden, Bymiljøetaten, kommunar og skular. Spiselege plantar og urter, urter som medisin, frukt dyrking i Sogn og Hardanger med kopling til siderproduksjon.
- Dei store slektene i regionen, med til dømes Audun Huggleikson (Jølster) og Sigurd Brynjulfsson (Agatunet). Sunnfjord kommune ønskjer ei eiga Magnus Lagabøtemarkering med fokus på Audun Huggleikson si rolle.
- Utstilling på Agatunet kring Bleiediplomet frå 1293.
- Vestland: Moglege arrangement frå Moster til Selja. Kystpilgrimsleia, bispevisitasar/kystsegling til fjerdingsskyrkjene (Eid, Vereide, Brua, Askvoll, Stedje, Tønjum, Rygg, Hopperstad, Hamre, Vangen, Skåla, Kinsarvik), Halsnøy kloster og Lyse kloster, Agatunet, Gulating, Moster med fleire markeringsstader.
- Landskappleik med samarbeid med Færøyane? Dansar og sangtradisjonar?
- Kultursamarbeid i vesterveg (sjå eiga drøfting).

- **Innspel frå idemyldringa på møtet i Mellomaldernetverket i Vestland, den 18.6:**

- **Kristenrettjubileet Moster 2024** ønsker verdidiskusjon og å gjere historia tilgjengeleg. I sitt jubileum har dei hovedfokus på samtida, med fridom, rettsvern og likeverd som viktige tema. Moster 2024 med mottoet «Feirar fortida og formar framtida» ønskjer kristenrettjubileet som eit nasjonalt jubileum som feirar rettstaten, med særleg fokus på born og unge.

Moster amfi og kyrkjehistoriske senter har den fysiske arenaen, medan Moster 2024 produserer innhald og gjennomføring av jubileet. Moster 2024 ønsker å sette fokus på verdiar i det norske samfunnet, har eit eige opplegg for skule (m.a med interaktivt prosjekt og samarbeid med skule på Shetland), utvikling av tidsreiser, filmsnuttar og mykje meir.

Eit viktig spørsmål frå Moster 2024 er korleis jubilea kan ivareta det fleirreligiøse og fleirkulturelle Noreg og fremje skaperkraft.

**Bømlo kommune** ser ein felles inngang for dei to jubilea med verdiar i lovverk og samfunn - med eigenverdi og ikkje ei instrumentell haldning - som eit godt grunnlag for samarbeid. Dei er opptekne av ei fleirkulturell tilnærming.

**Bergen bispeømme** er også opptekne av verdiar og verdidanning, med særleg blikk for born og unge. Biskopen er oppteken av mangfald og ønskjer merksemd kring ulike verdigrunnlag med sentralt spørsmål: Kva med dei andre? Syner til pilgrimsmåla, vurderer å arrangere ein økumenisk Sunnivaseilas i høve Lagabøtejubileet og kalle saman til ungdomsting. Det vert laga eiga sak til bispedømmerådet om kva dei ulike aktørane i bispedømmet kan bidra med.

**Hardanger og Voss museum** ønsker å ha **Agatunet** med i Landslovjubileet som viktig arena for mellom anna utstilling om Bleiediplomet frå 1293. Elles ønsker dei å dra lina frå munkane i Oppedal til frukt og siderproduksjon. Viktig å ha eit blikk på mangfald og eit fleirkulturelt samfunn.

**Gulatinget** utviklar eit nytt historisk spel og ønskjer å ha eit dagsaktuelt fokus. Ønsker å fremje og utvikle internasjonalt samarbeid, mellom anna invitere ungdomstinga frå vesterled til Gulatinget i 2024. Ytringsfridom er tema for årets Gulatingseminar 24.9. Ønskjer å fremje internasjonal samhandling, med utvikling av lovverk og rettssystem på Vestlandet og i vesterveg på kartet. Interesse for samarbeid med tingstadane kring Nordsjøen og EU sine vikingstader.

**Bymuseet (med arena på Bryggens Museum)** har hovedansvar for jubileumsutstillinga og **Bergen Pilegrimsenter** ønskjer å samarbeide i mellomaldernetverket, mellom anna med Agatunet og dei ulike nøkkelstadane langs Kystpilgrimsleia.

**Jørn Øyrehagen Sunde** frå **UiO/Nasjonalbiblioteket** synte til lovskipinga som ein verdidannande prosess som endra verdigrunnlaget i samfunnet med kristne forestillingar, mennesket får eigenverdi, enkeltmennesket får eit minimum av rettar. Forståeleg lovgjeving, skreve på folkemålet. Synte til **Røldal** som viktig pilgrims mål, Agatunet med Bleiediplomet frå 1293 og Agatunet i samband med markering av landslovjubileet. Ei viktig line går frå kristenretten til Magnus Erlingsson (1163/64) og til Landslova.

Om aktualisering av historia: Historie er alltid eit samtidsprosjekt, viktig for å mønstre engasjement og å gjere historia relevant for dei unge.

## Magnus Lagabøtejubileet som nav for samarbeid innan mellomalder

- **Nav for samarbeid i Vestland: Meirverdi for arbeidet med bevaring, forskning og formidling av mellomalder**  
Magnus Lagabøtejubileet kan få ein viktig funksjon som nav for samarbeid i Vestland mellom forskings- og utdanningsmiljø og ABM-institusjonane, andre kulturaktørar og reiseliv. Hausten 2020 vart det første møtet i eit nettverk for mellomaldersatsingar i Vestland, frå Moster til Selja, arrangert. Frå Moster, Gulatinget, Selje, Agatunet, Halsnøy, Bymuseet, Mellomalderklynga og Kystsogevekeane kom det fram idear om korleis samarbeid kan utviklast innan alt frå bygningsvern og kulturminnevern, skulesatsing, jubileumssamarbeid, lov, rett og demokrati, mellomalderkyrkjer og internasjonalt samarbeid i vesterveg. I dette biletet vil arbeidet med Lagabøtejubileet kunne verte eit samlande og felles prosjekt. Gjennom organiseringa i Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen har mellomaldermiljøa eit viktig verktøy for å få fram eit sterkt fagmiljø innan forskning, formidling og forvaltning.
- **Meirverdi for jubileet Moster 2024**  
For Moster 2024 vil Magnus Lagabøtejubileet kunne gje ein synergieffekt med ei sterkare satsing og samanbinding av mellomaldersatsingane og ved at lovskapingsarbeidet gjennom Lagabøtejubileet også vil kaste lys på

perioden mellom tingsamlinga på Moster og lovskipinga på 1200-talet. Det vil vere lettare å knytte seg på sterke fagmiljø i Mellomalderklynga, påkopling til utstilling og konferanse, samarbeid i skulesatsing og læringsaktivitetar, mogleg samarbeid om kulturarrangement og glede av samarbeid og sams profilering.

- **Nav for internasjonalt kultursamarbeid**

Magnus Lagabøtejubileet kan verte eit nav for eit utvida samarbeid innan forskning, formidling og forvaltning av mellomalder og kulturarv ikkje berre i Vestland, men også internasjonalt. Forprosjektgruppa har vore tydeleg på ønsket om at det internasjonale samarbeidet ikkje berre bør vere i vesterveg, men globalt, til dømes mot Spania, Frankrike, Tyskland med fleire.

Det er mykje eksisterande samarbeid å bygge vidare på frå aktørane innan Mellomalderklynga og Mellomaldernettverket, til dømes kan det byggast vidare på Vestland fylkeskommune sitt mangeårige internasjonale samarbeid, like eins nettverk Universitetet, musea og andre tek del i, i fleire verdsdelar.

I vesterveg, i Håkon Håkonsson sitt Noregsvelde, kan jubileet knytte seg på eksisterande kultursamarbeid over Nordsjøen og *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*. Gjennom Mellomalderklynga sine partnerar vil ein kunne utvikle eit kunnskapssamarbeid både med universitet og ABM-institusjonar og med frivillig kulturliv og reiseliv.

Fleire av deltakarane i mellomaldernettverket ønskjer å fremje internasjonal samhandling, gjerne med utvikling av lovverk og rettssystem på Vestlandet og i vesterveg på kartet. Frå Gulatinget er dei opptekne av tingstadane kring Nordsjøen og dessutan også EU sine vikingstader.

Eit globalt perspektiv er viktig, det er viktig å ta høgde for at det tek tid og ressursar å utvikle eit utvida samarbeid internasjonalt. Samarbeidet vil måtte føre til eit systematisk samarbeid med aktuelle universitet og høgskular, konsulat og profesjonelle kunst- og kulturorganisasjonar og amatørkulturliv. Ei slik utbygging av det internasjonale samarbeidet lyt prioriterast i tid og tema.

Eit slikt kultursamarbeid over havet som på den tida ikkje var stengsle for ferdsel, men batt saman, kan gje rom for spennande småskala reiselivsprodukt. Eit døme kan vere å ha ei reiserute/cruise med veteranskip/(dei gamle Hurtigrutene?) frå øya Iona i Irskesjøen, der Scotland sin apostel St. Columba hadde sitt kloster, vidare til Lindisfarne, der vikingane herja i 793 og så vidare langsetter Vestlandskysten - gjerne til nøkkelstader langs Kystpilgrimsleia og så til Kinn og Selja. Kristninga av Vestlandskysten var delvis keltisk inspirert, det ser vi på mange steinkrossar - og dette vil kunne få fram denne spennande historia. Ikkje minst er denne historia spennande av di legendene om Sankta Sunniva som kom til Selja nettopp fortel at ho var irsk kongedotter.

## Organisering og gjennomføring

Det vert viktig å få på plass ei høveleg organisering for jubileet som forpliktar deltakarane og som gjev ei funksjonell og tydeleg rolleavklaring. Ei fastare kjernegruppe i jubileet kan også ha lausare tilknytta samarbeidspartnarar.

- **Partnarar og deltakarar**

Ei fast kjerne vert invitert som partnarar: Bergen kommune, Universitetet i Bergen, Mellomalderklynga og Høgskulen på Vestlandet, Bymuseet og Statsforvaltaren.

- Deltakarar kan knyttast til undervegs på ulikt vis, her kan nemnast til dømes NLA Høgskolen, Universitetet i Oslo, University of Highlands and Islands, Nasjonalbiblioteket, Fylkesbiblioteket, Bergen Offentlege bibliotek, Universitetsbiblioteket, Litteraturhuset i Bergen, Sentralbadet Litteraturhus i Odda, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane, Universitetetsmuseum og ulike kommunar i Vestland fylkeskommune.
- Magnus Lagabøtejubileet vil ha eit eige samarbeid innan Mellomaldernettverket, med til dømes Selja, Gulatinget og Agatunet.
- Fast og systematisk samarbeid med Moster 2024.

- **Jubileumskomite**

Bergen feira eit vellukka jubileum i 2011 for *Håkonshallen - 750 år*. Ordføraren i Bergen inviterte då til ein jubileumskomité, med fylkesmann, fylkesordførar, Universitetet i Bergen, Bymuseet, KODE, Bergen Næringsråd og andre. Dette var ein modell som fungerte godt. Bergen kommune har også fersk røynsle med feiringa av Bergen sitt 950-årsjubileum, om enn i eit utfordrande Korona-år. Bergen kommune ønsker så langt ikkje å ha ei sentral rolle i samordninga av Magnus Lagabøtejubileet.

Tilrådinga frå forprosjektgruppa er då at Vestland fylkeskommune tek leiinga og får skipa ein jubileumskomite, med følgjande deltakarar som kjernegruppe: Vestland fylkeskommune, med fylkesordføraren som leiar. Bergen kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Riksantikvaren, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen, Bymuseet, Musea i Sogn og Fjordane, Bergenhus Festning og Moster 2024.

- **Faglege og administrative ressursar**

Ein føresetnad er at alle deltakarar tek del i arbeidet med Magnus Lagabøtejubileet med eigne administrative og faglege ressursar.

Ulike modellar er diskutert for organisering og gjennomføring av jubileet, frå skiping av eit AS til om det beste er at Vestland fylkeskommune bruker eigne ressursar til å leie det administrative arbeidet. Tilrådinga frå forprosjektgruppa er at VLFK tek leiinga, i nært fagleg samarbeid med Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen. Samarbeidspartnarar i Mellomalderklynga er Universitetet i Bergen, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Bymuseet i Bergen, Riksantikvaren, Museum Vest, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for kulturminneforskning og Hardanger og Voss museum.

Ei fagleg/administrativ styringsgruppe mellom partnarane vil vere naturleg å setje ned, dessutan ulike fagkomiteear. Det er allereie arbeidsgruppe

nedsett for jubileumsutstillinga, og programkomite for den internasjonale forskningskonferansen vert nedsett hausten 2021.

Bergen kommune og Vestland fylkeskommune tek ansvar for å gjere jubileet kjent for kulturaktørar i Bergen og Vestland gjennom sine nettverk. Det kan også arrangerast eiga samling for kulturaktørar og kommunar for å invitere til deltaking i jubileet.

Alt etter interesse og deltaking, bør omfang og organisering av festivaldelen drøftast vidare, med tanke på ein eventuell eigen organisasjon for samordning og profilering. Vestland fylkeskommune tek ikkje i utgangspunktet på seg samordninga av ulike kulturarrangement. Vestland fylkeskommune har administrative ressursar og tilskotsordningar innan kultur, både innan ABM-sektoren, mellomalder og kultur og reiseliv generelt. Det same gjeld Bergen kommune. Ein lyt her sjå til at det ikkje vert brot på armlengdes-avstandsprinsippet.

### **Kostnader og plan for finansiering**

Budsjett og finansieringskjelder lyt utgreiast for dei ulike tiltaka. Dette vert viktig å gå djupare inn i for arbeidet i jubileumskomiteen og administrasjon.

Samarbeidspartnerar, rolle- og arbeidsdeling, innhald, budsjett og finansieringskjelder lyt avklarast vidare. Vidare finansiering vert å kome attende til i samband med det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett. Det vil krevjast midlar, særleg til utstillingsdelen, men også til konferanse og skulesatsing og ulike kulturarrangement. Ambisjonsnivået lyt avklarast nærare og kva synergieffektar ein kan få til med midlar og arrangement som likevel finst.

Jubileumsutstillinga er førebels kostnadsrekna til mellom 7 millionar kroner og 9 millionar kroner. Det er då rekna på ulike konstnadstypar som forprosjekt - grafisk formgjeving, klimasikre montrar, lys, forsikring, transport, replikaer, film, utstillingskatalog med fleispråklege formidling, førar, åpningsarrangement, frikjøp av arbeidstid og overhead.

Den internasjonale forskningskonferansen er tenkt finansiert frå Mellomalderklynga.

Det vil verte søkt til ordføraren i Bergen/Bystyret om å vere vertsskap for jubileumsmiddagen i Håkonshallen.

Vestland fylkeskommune dekkjer kostnader til fagleg/administrativ utvikling og leiing av jubileet, men slik at partnarane også bidreg med dektaking/eigne ressursar.

Vestland fylkeskommune vil ta kontakt med Nasjonalbiblioteket for å drøfte samarbeid om statleg deltaking i finansieringa av jubileet i 2023 og 2024. Jubileet vil elles måtte gjennomførast som eit spleiselag mellom fylkeskommune, kommunar, UH-sektoren og kulturinstitusjonar i tillegg til dei eksisterande stønadsordningar som kan omsøkast nasjonalt, regionalt og lokalt. Det vil også vere naturleg med samarbeid med private finansieringskjelder.

## **Avsluttande:**

Magnus Lagabøtejubileet er eit nasjonalt viktig jubileum, og det har både lokal, regional, nasjonal og internasjonal interesse. Jubileet kan vere eit nav for vidare forskning, formidling, læringsaktivitetar i skulane, kulturarrangement og eit yrande festival- og folkeliv - og reiseliv. Men kanskje aller viktigast: Jubileet vil kunne gje inspirasjon til vidare utforsking av identitetar og mangfald og gje kunnskap om byggesteinar i mellomalderen si samfunnsstyring. Dette vil kunne gje eit kritisk blick på vår eiga tid og ei større forståing av den notidige utviklinga av demokratiet.